

Gruppeleiar for kreative samtalegrupper

13.9. 09:00 – 15.30 Stad: RVTS Vest sine kurslokale, Ulriksdal 2

Arbeider du med ungdommar som har flykta til Noreg? Ynskjer du å få fleire «verktøy i kassen» og lære korleis drive grupper for flyktningeungdommar?

Ressursenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebbygging i region vest inviterer til eit dagskurs i korleis drive kreative samtalegrupper for ungdommar i asylsøkjjar- og busetjingsfasen, ein særskilt krevjande og ustabil fase for mange.

“Kreative samtalegrupper” er ein godt utprøvd metodikk som er utvikla over mange år, den er særskilt tilpassa målgruppa og har som føremål å styrke ungdommane si eiga motstandskraft, førebbyggje psykiske helseplager og bearbeide traumatiske livserfaringar.

Dette skjer gjennom gruppeprosessar, der ungdommane lærer om

- » normale reaksjonar på ulike typar belastningar
- » søvnhyggiene, sjølvregulering og avspenning
- » ressursar ein kan ta i bruk når ein har det vanskeleg
- » korleis finne språk for kjensler

Sjølve gruppeintervensjonen består av psykoedukasjon, kreative metodar som song, maling, høgtlesning av dikt og av at ungdommane lagar eit fiktivt, felles narrativ om flyktningar frå deira eige heimland.

KVA LÆRER DU?

Kursdeltakarane gjennomgår ein utdelt manual og får innføring i korleis gjennomføre 10 gruppesamlingar med konkrete øvingar og oppgåver ein også kan nytte i andre samanhengar.

Ein kan gjerne også delta 14.9. på oppfølgingsdagen for tidlegare kursdeltakarar (sjå eigen invitasjon).

MÅLGRUPPE

Alle som arbeider med flyktningeungdommar.

Det beste er om 2-3 som samarbeider om ungdommane lokalt (t.d. tilsett i bufellesskap eller mottak, helsesøstre, behandlarar i BUP, flyktningekonsulentar, lærarar el. andre) tek kurset samtidig slik at det blir lett å iverksetje. Ein er sjølv sagt også svært velkommen til å delta om ein kjem åleine.

Kurshaldar er Kjell Ole Myrvoll



som er undervisar, foredragshaldar, forfattar og mangeårig leiar for flyktningeteamet ved BUP Sjøvegan i Troms. Myrvoll og kollegaer har omfattande erfaring i arbeid med barn og unge med flyktningebakgrunn, og har saman utvikla og tilpassa denne godt utprøvde metodikken særskilt for asylsøkjjarar eller flyktningar.

Viktig: Kurset er kostandsfritt. Dersom du har meldt deg på, men likevel ikkje kan komme, gi beskjed i god tid på rvts@helse-bergen.no. Dersom du ikkje gir beskjed vil du bli belastamed eit gebyr på 500,-

Påmelding på RVTS Vest si nettside innan 10. september 2018.

PRIS: Kurset er kostandsfritt og inkluderer lunsj.

Har du spørsmål, kontakt May-Irene Wergeland, may-irene.wergeland@helse-bergen.no eller 41570582